

Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og permisjon



Gjeld frå 01.11.19

Vedteke i kommunestyret 13.06.19

Reglane for møtegodtgjersle, dekning av tapt arbeidsforteneste og av utgifter som vervet fører med seg, samt rett til permisjon gjeld for alle medlemmer av kommunale utval, styre og råd, samt eventuelt andre som vert valde til å utføre eit politisk verv eller funksjon for kommunen.

Rettane som dei folkevalde har i høve til dette er heimla i lov av 22.juni 2018, nr 83 – kommuneloven, kapittel 8.

Det er rådmannen sitt ansvar å sørge for utbetaling av godtgjersle til folkevalde, i tråd med desse retningslinene. I alle faste utval blir det lagt ut lister for registrering.

**Det er dei folkevalde sjølve som har ansvar for å føre seg på registreringsliste, skaffe naudsynt dokumentasjon og stille spørsmål for å sikre at dei får utbetala det dei har rett på.**

## **1. Definisjonar**

### 1.1. Hovudutval

1. Hovudutval for økonomi, næring og utvikling (formannskapet)
2. Hovudutval for plan- og miljø
3. Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg
4. Administrasjonsutvalet
5. Kontrollutvalet

### 1.2. Fast godtgjersle

Grunnlaget for fast godtgjersle er prosentvis del av ordførar sin godtgjersle.

### 1.3. Dagmøte/kveldsmøte

Dagmøte er mellom kl. 08.00 og 17.00. Møte etter kl. 17.00 er kveldsmøte.

## **2. Ordførar**

Ordførar si godtgjersle blir sett til 85% av godtgjersla til stortingsrepresentantane. Godtgjersla gjeld for alle kommunale verv ordføraren blir vald til.

Godtgjersla skal og dekkje tapt arbeidsforteneste.

Ordføraren blir meldt inn i pensjonsordninga for kommunalt tilsette.

Det blir òg betalt ut slik ettergodtgjersle for ordførar i 3 månader ved valperioden sitt utløp dersom ordføraren trer ut av vervet.

Etterløn skal avkortast mot eventuell øvrig arbeidsinntekt.

Ved sjukdom har ordførar same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen.

Reglane i hovudtariffavtala for kommunal sektor kap 1, § 10 – ulykke-/gruppelivsforsikring gjeld som for tilsette.

## **3. Varaordførar**

Varaordførar får ei godtgjersle på 17% av ordførar si godtgjersle. Godtgjersla gjeld for alle

kommunale verv varaordføraren blir vald til. Godtgjersla skal ikkje dekke tapt arbeidsforteneste.

Ved sjukdom har varaordførar rett til si fulle godtgjersle i 3 månader.

## **4. Godtgjersle**

### 4.1 Fast godtgjersle.

- 4.1.1 Medlemmer av kommunestyret får ei godtgjersle på 2% av ordføraren si godtgjersle.

I tillegg:

- 4.1.2 Medlemmer av formannskapet får 3% av ordføraren si godtgjersle.

- 4.1.3 Leiarar av hovudutval får 3% av ordføraren si godtgjersle.

- 4.1.4 Faste medlemer i hovudutval får 1% av ordføraren si godtgjering.

- 4.1.5 Leiaren av råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne får 2% av ordføraren si godtgjersle.

- 4.1.6 Medlemmer av råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne får 1% av ordføraren si godtgjersle.

- 4.1.7 Alle arbeidsgrupper/ad-hock utval som kommunestyret set ned godtgjerast med ei dag godtgjersle på kr 600,- pr møte.

Dette gjeld og for kommunestyre- og hovudutvalsmedlemmer som er valde inn av kommunestyret til varamedlemmer i hovudutval og andre styre og råd som kommunen sin representant, som t.d. interkommunale tiltak, og der desse ikkje dekker reise, kost, møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

- 4.1.8 Folkevale som mottok fast årleg godtgjersle får ikkje møtegodtgjersle som vald medlem av hovudutval, underutval eller utsending frå/representant for hovudutvalet. Blir det særskilt mykje møter og arbeid kan formannskapet fastsette ei godtgjering på inntil 2% av ordførar si godtgjersle.
- 4.1.9 Dei som har fast godtgjersle vil få ein reduksjon på 25% i godtgjersla, dersom dei har fråvær/forfall som utgjør 1/3 eller meir av møta i halvåret.
- 4.1.10 Politisk godtgjersle dekker og den enkelte sin bruk av mobiltelefon og internett.

#### 4.2 Varamedlemer

Møtande varamedlemer får ei godtgjersle på kr 600,- for kvart protokollert møte. Det blir bare utbetalt ei godtgjersle pr dag.

#### 4.3

Kommunestyrerepresentantar som ordføraren tek med seg eller let seg representere på møter og konferansar får ei godtgjersle på kr 600,- pr dag.

Tap av arbeidsforteneste og reise, kost og overnattingsutgifter blir dekket etter pkt 5. og 7. i reglementet.

### **5. Tapt arbeidsforteneste**

Tap av moglegheiten til å delta i inntektsgivande arbeid dekkjast etter fylgjande retningslinjer: Arbeidsreise og gruppemøte umiddelbart før kommunestyret, (dagmøte), skal reknas med i møtetida.

Medlemer av råd og utval som blir sendt på møter/konferansar/kurs av utvalet sitt får dekket tapt arbeidsforteneste). Det må vere etter eit ynskje frå utvalet og vere protokollert.

#### 5.1 Ikkje legitimert

Kr 600,- for inntil 4 timar.

Kr 1200,- for meir enn 4 timar.

Ikkje legitimert kan berre nyttast ved dagmøte.

#### 5.2 Legitimert

Inntil kr 2000,- pr dag.

Krav om dekking av tapt arbeidsforteneste må dokumenterast ved fråsegn frå arbeidsgjevar om trekk i løn, eller på annan tilfredsstillande måte.

#### 5.3 Refusjon

Den folkevalde blir ikkje trekt i løn av sin arbeidsgjevar for deltaking i kommunale møte m.m.

Arbeidsgjevaren fremjar refusjonskrav til Fyresdal kommune for lønskostnader inkl. sosiale utgifter. Dette gjeld og for innleige av vikar for sjølvstendig næringsdrivande.

### **6. Pensjonistar, heimearbeidande, personar under utdanning og arbeidsledige**

Desse får tapt arbeidsforteneste etter pkt 5.1.

### **7. Reise-, kost- og overnattingsutgifter**

Reise-, kost- og overnattingsutgifter blir dekket etter kommunen sitt regulativ.

Medlemene blir samstundes oppmoda om i størst mogleg grad å køyre saman.

Det blir ikkje utbetalt kostgodtgjersle i samband med kommunale møte innan kommunen.

Er politikaren pendlar pga arbeid, kan det utbetalast reisegodtgjersle frå bustaden utanom kommunen om han/ho må reise ekstra heim for å deltake på eit møte.

Det blir ikkje utbetalt godtgjersle for reiser under 4 km, ein veg.

## **8. Omsorgsgodtgjersle**

Folkevalde som har omsorgsoppgåver får dekt utgifter til vikar ved

- a) kveldsmøte
- b) dagmøte og synfaringar
- c) faste gruppemøter

Utgiftene må legitimerast og blir godtgjort med inntil kr 150,- pr time.

## **9. Småbarnstillegg**

Folkevalde med barn under 12 år får småbarnstillegg på kr 250,- pr kveldsmøte, og for faste gruppemøter. Ein kan ikkje få godtgjersle etter både pkt 8. og 9.

## **10. Kommunalt tilsette**

Kommunalt tilsette som er vald inn som faste politiske medlemmer i styre, råd og utval, får møtegodtgjersle etter same reglar som dei øvrige medlemmene.

## **11. Arbeidsmiljøutvalet og dei tilsettes representantar i administrasjonsutvalet**

11.1 Møte i arbeidstida: Dei får då ikkje møtegodtgjersle.

11.2 Møte utanom arbeidstida: Godtgjersle gjeld då som om dei er på jobb etter det kommunale avtaleverket.

Førebuingar til møta skal takast i arbeidstida.

## **12. Dekking av rekningar**

Skjema for møtegodtgjersle blir lagt fram for kvart faste hovudutvalsmøte for så å bli lagt til lønsutbetaling fortløpande.

For andre møter er det den einkilde folkevalde sitt ansvar å sende fullstendige rekningar i samsvar med reglementet på fastsett skjema.

Tapt arbeidsforteneste kan dekkjast etter rekning kvar månad.

## **13. Folkevalde sin rett til permisjon – kommuneloven § 8-10.**

Folkevalde som har vervet som hovudinntekt – det vil sei ordførar, kan berre få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10 (svangerskap, fødsel, omsorg for born og nærstående i livets slutfase), 12-12 (militærteneste) og 12-15 (høgtider i andre religionar).

I samband med slik permisjon har den folkevalde same rett til si godtgjersle i vervet som gjeld for tilsette i kommunen.

## **14. Revisjon av reglementet**

Grunnlaget for faste godtgjersler til folkevalde skal fylgje godtgjersle til stortingsrepresentantane.

Denne blir vurdert av Stortinget sin lønskommisjon 1.mai kvart år.

Ved endringar i godtgjersla til stortingsrepresentantane, blir godtgjersla til folkevalde i Fyresdal endra frå påfølgjande årsskifte.

## **15. Tvilstilfelle**

Dersom det kjem opp tvil om tolking av reglementet, har rådmannen fullmakt til å avgjere slike spørsmål.